

Kommentar frå Brukarutvalet i Helse Bergen

Brukarutvalet har hatt deltakar i arbeidet med nye retningsliner og har under vegs gitt innspel til arbeidet. Brukarutvalet har difor ikkje mange merknader til arbeidsgruppa si tilråding. Brukarutvalet har føgjande kommentar :

### 3 Samansetting

Brukarutvala skal ha frå 7-10 medlemmer med varamedlemmer som blir oppnemnde for 2 år om gongen. Funksjonsperioden skal gå frå august til august 2 år etter. Det er styra i helseføretaka som nemner opp utvalet etter forslag frå organisasjonane. FFO, SAFO, fylkeseldreråda, og organisasjonar som representerer brukarar frå verksemdar innan TSB skal inviterast til å føreslå kandidatar til brukarutvala. I tillegg kan styra vurdere å invitere inn andre aktuelle organisasjonar.

Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TSB, skal vere representerte. I utvala skal det også vere ein representant frå organisasjonar som representerer dei eldre. Vidare skal det leggjast særleg vekt på at kreftområdet er representert.

Slik det framgår av teksten er det ikkje heilt klart om det skal vera ein representant for dei eldre og ein frå fylkeseldreråda eller ein representant totalt. Dette bør gjerast tydelegare.

Brukarutvalet ynskjer også at det blir felles oppnemningstidspunkt, noko som ikkje er nemnt i tilrådinga.

For Brukarutvalet

Magne Høgelid, sekretariat.

55975707